

**Fra:** Mari Møen Nygaard (m-moee@online.no)

**Sendt:** 02.01.2018 14:00:32

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Kopi:**

**Emne:** "Miljøprisen 2017/15547"

**Vedlegg:**

Eg ynskjer å nominera Smøråsfjellets Venner til Miljøprisen 2017.

Smøråsfjellets Venner er ei gruppe pensjonistar som ryddar og tilrettelegg på Smøråsfjellet i Fana slik at dette idylliske området blir eit ettertrakta rekreasjonsstad for bydelens innbyggjarar. Dei som er med i gruppa er som ivrige maur der dei flyttar på greiner som har falle ned, sagar bort kratt, lager grøfter, plukkar boss, lagar leikeområde, skulpturar, byggjer bruer, drenerer og fiksar opp.

Her kosar joggarar seg så vel som småbarn og seniorar på tur. Folk nærmast valfartar til området for å ha ei god oppleving i naturen - takka vera pensjonistane i Smøråsfjellets Venner er området ryddig og reint. Omtrent kvar einaste gong eg besøker området, så møter eg på ein av karane i gruppa. Som regel har vedkomande med seg papirboss eller liknande som han har plukka opp etter nokon andre. Desse godt vaksne mannfolka er eit førebilete for mange!

Då gruppa vart intervjua av NRK for nokre år sidan (sjå link under), kunne ein lesa at: "Det var nesten uråd å ta seg fram på Smøråsfjellet i Fana i Bergen. Store myrer, tette granskogar og attgroing gjorde det lite attraktivt å gå tur der. Det har ein gjeng pensjonistar gjort noko med."

Slik held dei framleis på! Kvar einast veke - omtrent året rundt.

<https://www.nrk.no/kultur/smorasfjellets-arbeidsglade-venner-1.2701318>

<http://www.smoraasfjellet.no/>

Beste helsing Mari Møen Nygaard

tlf. 95 93 22 51